

## Møteprotokoll for Plan- og miljøutvalet

**Møtedato:** 17.02.2016  
**Møtestad:** Rådhuset, kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 17:30

**Merknader:**

Sak 007/16 vart handsama etter sak 005/16. sak 008/16 etter sak 007/16, sak 011/16 etter sak 008/16 og sak 015/16 vart handsama etter sak 011/16.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Hogne Brunborg	AP	Medlem
Jørgen Herland	SP	Nestleiar
Bent Risøy	KRF	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjekka	KRF	Medlem
Malin Helene Knudsen	KRF	Medlem
Andreas Dyngen	FRP	Medlem
Gro Anita Høgquist	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	H	Medlem
Ingrid J.Fjeldsbø	H	Medlem

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Leni Dale-kommunalsjef, Kristin Moe-kommunalsjef, Øyvind Stang-kultursjef, Arne Kvamme-rådgjevar oppvekst, Christian H. Reinshol-arealplanleggar, Trude Langedal-arealplanlegar, Eileén Feste-kulturkonsulent, Nora Gjerde-sekretær.

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/16	Godkjenning av møteprotokoll
003/16	Delegerte saker
004/16	Referatsaker
005/16	Klagesak - Klage på avslag på søknad om oppføring av gangbru og flytebryggje - gbnr 215/46 Eidsnes Ytre
006/16	Gbnr 176/2 Spurkeland. Avslag på søknad om deling av grunneigedom.

- 007/16 1. gangs handsaming av reguleringsplan Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl.
- 008/16 Gbnr 137/765 Isdalstøbakken. Avslag på søknad om løyve til deling av grunneigedom, tomt for tomannsbustad.
- 009/16 Gbnr 148/2 Litleskare. Handsaming av klage over vedtak i sak 161/15 avslag på løyve til deling av grunn.
- 010/16 Gbnr 188/11 Gjervik. Avslag på søknad om deling, tomt til fritidsbusetnad.
- 011/16 Gbnr 214/3 Fyllingsnes. Handsaming av klage frå fylkesmannen, løyve til deling av tomt til bustad.
- 012/16 Gbnr 233/1 Eide Indre. Avslag på søknad om deling av grunneigedom.
- 013/16 Klage på dispensasjonsvedtak for oppføring av bustad - Gbnr 137/771 Alver
- 014/16 Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende etablering av veg - gbnr 133/86 Soltveit søndre
- 015/16 Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende oppføring av uthus - gbnr 238/26 Eknes Indre
- 016/16 Klage på pålegg og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 134/166 og 183 Hilland
- 017/16 Søknad om dispensasjon for oppføring av vedhus/carport gbnr 121/5 Knarvik (Lauvåssjøen)
- 018/16 3.gangs handsaming av reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme - Fossevatnet, planID 1263\_201112
- 019/16 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Bruvoll bustadområde, gbnr 55/1 og 2 m.fl
- 020/16 1. gangs handsaming av reguleringsplan Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38, m.fl.

## **001/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Ingen merknader.

Samrøystes.

#### **PM - 001/16 VEDTAK:**

Ingen merknader.

---

## **002/16: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Merknader: Utvalet etterlyser dato for sist møte i kolonna for "godkjenning av møteprotokoll."

Møteprotokoll frå møte 02.12.2015, med merknad vert samrøystes godkjent.

#### **PM - 002/16 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte 02.12.2015 med merknad er godkjent.

---

## **003/16: Delegerte saker**

Meldinga vert teke til orientering

**17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Meldinga vert teke til orientering.

Samrøystes.

**PM - 003/16 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering.

---

**004/16: Referatsaker**

Meldinga vert teke til orientering

**17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Meldinga vert teke til orientering.

Samrøystes.

**PM - 004/16 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering.

---

**005/16: Klagesak - Klage på avslag på søknad om oppføring av gangbru og flytebryggje - gbnr 215/46 Eidsnes Ytre**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet opprettheld kommunen sitt vedtak i sak 15/716 i møte 02.09.2015. Klagen vert ikkje teken til følge.

Det ligg ikkje føre moment i saka som gjev grunn til ei endring av vedtaket. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8 for oppføring av gangbru og flytebryggje (tiltak B, C og D) på gnr. 215 bnr. 46.

### **02.12.2015 PLAN- OG MILJØUTVALET**

#### **Framlegg frå Malin Knudsen-Krf:**

Sak 166/15 vert utsett då plan- og miljøutvalet ønskjer synfaring i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PM - 166/15 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:**

Sak 166/15 vert utsett då plan- og miljøutvalet ønskjer synfaring i saka.

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Utvalet var på synfaring før møte tok til.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med utvalsleiar si dobbelrøyst, 6 røyster (Ståle J. Hauge-Ap, Hogne Brunborg-Ap, Bent Risøy-Krf, Sæbjørg H. Kjeka-Krf, Malin Knudsen-Krf.

#### **Framlegg frå H, Frp, Sp:**

Plan- og miljøutvalet gir klagar medhald på klagen i sak 15/716 (166/15). Plan- og miljøutvalet ser ikkje at tiltaket får ei vesentleg inngripen i terrenget. Det må leggjast vekt på at tiltaket byggjer på allereie eksisterande fundament og konstruksjonar frå før 1963. Lindås kommune har vidare tidlegare godkjent oppføring av landgang og flytebryggjer i same området. Tiltaket vil vidare opna opp for betre tilgjenge for ålmenta.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (Karl Vågstøl-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Andreas Dyngen-Frp, Anita Høgquist-Frp, Jørgen Herland-Sp.

### **PM - 005/16 VEDTAK:**

Plan- og miljøutvalet opprettheld kommunen sitt vedtak i sak 15/716 i møte 02.09.2015. Klagen vert ikkje teken til følge.

Det ligg ikkje føre moment i saka som gjev grunn til ei endring av vedtaket. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8 for oppføring av gangbru og flytebryggje (tiltak B, C og D) på gnr. 215 bnr. 46.

---

### **006/16: Gbnr 176/2 Spurkeland. Avslag på søknad om deling av grunneigedom.**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

- Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå ein parsell på 500m2 overflatedyrka jord frå gnr.176 bnr.2 slik det er søkt om og synt på kart vedlagt søknaden.
- Med heimel i pbl § 19-2 vert ikkje det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, slik det er søkt om.
- Med heimel i jordlova §12, jf.§9, vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå 500m2 overflatedyrka jord for å nytte det til bustadføremål, slik det er søkt om.

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Utvalet var på synfaring før møte tok til.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PM - 006/16 VEDTAK:**

-Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå ein parsell på 500m2 overflatedyrka jord frå gnr.176 bnr.2 slik det er søkt om og synt på kart vedlagt søknaden.

- Med heimel i pbl § 19-2 vert ikkje det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, slik det er søkt om.
- Med heimel i jordlova §12, jf.§9, vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå 500m2 overflatedyrka jord for å nytte det til bustadføremål, slik det er søkt om.

.....

---

**007/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl, ut til høyring og offentlig ettersyn. Vedlagte plandokument vert lagt til grunn.

**17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Utvalet var på synfaring før møte tok til.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PM - 007/16 VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl, ut til høyring og offentlig ettersyn. Vedlagte plandokument vert lagt til grunn.

.....

---

**008/16: Gbnr 137/765 Isdalstøbakken. Avslag på søknad om løyve til deling av grunneigedom, tomt for tomannsbustad.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), jf. §26-1, gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele gnr.137 bnr.765 slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon frå kravet om regulering pkt.2.3 i

føresegnene til kommunedelplanen for Alversund og Knarvik, slik det er søkt.

Grunnlaget for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

.....

## **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Karl Vågstøl-H var ugild i handsaming av denne saka grunna forretningsinteresser.

### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

Plan- og miljøutvalet ber om at sak 8/16 gbnr 137/765 blir utsett. Me ynskjer synfaring i saka. Me ber administrasjonen å utgreia arealforholdet mellom dispensasjonssøknaden og Kubbaleitet sin reguleringsplan.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (I. Fjeldsbø-H, A. Dyngen-Frp, A. Høgquist-Frp).

### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

Plan- og miljøutvalet gir løyve til å dela grunneigedom gbnr 137/765 Isdalstøbakken, tomt for tomannsbustad. Me gir søkjar dispensasjon frå kravet om regulering pkt. 2.3. i føresegnene til kommunedelplanen for Alversund og Knarvik, slik det er søkt. Det er ein bustad i tillegg til grunneigars som har veirett i området det er søkt frådelt og såleis ikkje ein del av Nygård. Alle forhold som skal klargjerast er førehandsgodkjent på denne tomten. avkøyrsele frå andre sida av den kommunale vegen er ivareteke.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (I. Fjeldsbø-H).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (Andreas Dyngen-Frp, Anita Høgquist-Frp, Jørgen Herland-Sp. Ståle J. Hauge-Ap, Høgne Brunborg-Ap, Bent Risøy-Krf, Sæbjørg H. Kjeka-Krf, Malin Knudsen-Krf).

### **PM - 008/16 VEDTAK:**

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), jf. §26-1, gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele gnr.137 bnr.765 slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon frå kravet om regulering pkt.2.3 i føresegnene til kommunedelplanen for Alversund og Knarvik, slik det er søkt.

Grunnlaget for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

.....



**009/16: Gbnr 148/2 Litleskare. Handsaming av klage over vedtak i sak 161/15 avslag på løyve til deling av grunn.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune har vurdert dei momenta som er sett fram i klage datert 18.01.2016 og dei opplysningane frå brev/klage datert 04.01.2016 som er relevante. Kommunen finn at klagen ikkje sett fram nye og vesentleg moment som ikkje alt er vurdert. Det er såleis etter kommunen si vurdering ikkje grunnlag for å endre vedtaket som vart gjort i sak 161/15. Klagen vert ikkje teke til følgje.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **PM - 009/16 VEDTAK:**

Lindås kommune har vurdert dei momenta som er sett fram i klage datert 18.01.2016 og dei opplysningane frå brev/klage datert 04.01.2016 som er relevante. Kommunen finn at klagen ikkje sett fram nye og vesentleg moment som ikkje alt er vurdert. Det er såleis etter kommunen si vurdering ikkje grunnlag for å endre vedtaket som vart gjort i sak 161/15. Klagen vert ikkje teke til følgje.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

.....

-----

**010/16: Gbnr 188/11 Gjervik. Avslag på søknad om deling, tomt til fritidsbusetnad.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå gjeldande plan for å dele frå tomt til fritidsbustad frå gnr.188 bnr.11 slik det er søkt om. Det vert heller ikkje gjeve dispensasjon til å dele frå tilleggstomt til gnr.188 bnr.9 slik det er søkt om.

Søknad om løyve til deling av to parsellar frå gnr.188 bnr.11 vert avsløge med heimel i §20-1

bokstav m) i plan- og bygningslova.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

.....

## **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PM - 010/16 VEDTAK:**

Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå gjeldande plan for å dele frå tomt til fritidsbustad frå gnr.188 bnr.11 slik det er søkt om.  
Det vert heller ikkje gjeve dispensasjon til å dele frå tilleggstomt til gnr.188 bnr.9 slik det er søkt om.

Søknad om løyve til deling av to parsellar frå gnr.188 bnr.11 vert avsege med heimel i §20-1 bokstav m) i plan- og bygningslova.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

.....

---

## **011/16: Gbnr 214/3 Fyllingsnes. Handsaming av klage frå fylkesmannen, løyve til deling av tomt til bustad.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå eit areal på 1000m<sup>2</sup> skogsmark frå gnr.214 bnr.3, slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, eller frå pbl §1-8, slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga slik den vart lagd fram til sak 093/15.

.....

## **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Utvalet mottok epost frå Trond Tystad firma Cardo, den 15.02.2016.

### **Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**

Plan- og miljøutvalet tar ikkje klagen frå fylkesmannen til følge og opprettheld vedtaket frå sak 145/15. Med heimel i forvaltningslova §42 vert det gjeve utsett iverksetting til klagen er endeleg avgjort.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (B. Risøy-Krf, J. Herland-Sp, I. Fjeldsbø-H, K. Vågstøl-H, A. Dyngen-Frp, A. Høgquist-Frp).

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og fall (S. Hauge-Ap, H. Brunborg-Ap, S. H. Kjeka-Krf, M. Knudsen-Krf).

### **PM - 011/16 VEDTAK:**

Plan- og miljøutvalet tar ikkje klagen frå fylkesmannen til følge og opprettheld vedtaket frå sak 145/15. Med heimel i forvaltningslova §42 vert det gjeve utsett iverksetting til klagen er endeleg avgjort.

---

## **012/16: Gbnr 233/1 Eide Indre. Avslag på søknad om deling av grunneigedom.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

#### **VEDTAK:**

- Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, for å dele frå 250m2 jorddekt fastmark til parkeringsføremål, slik det er søkt om.
- Med heimel i pbl §20-1 vert det ikkje gjeve løyve til deling av gbnr233/1 slik det er søkt om.
- Med heimel i Jordlova §12 vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå 250m2 jorddekt fastmark frå gnr.233 bnr.1 slik det er søkt om.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga nedanfor.

---

## 17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### PM - 012/16 VEDTAK:

- Med heimel i pbl §19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen til kommuneplanen, for å dele frå 250m2 jorddekt fastmark til parkeringsføremål, slik det er søkt om.
- Med heimel i pbl §20-1 vert det ikkje gjeve løyve til deling av gbnr233/1 slik det er søkt om.
- Med heimel i Jordlova §12 vert det ikkje gjeve løyve til å dele frå 250m2 jorddekt fastmark frå gnr.233 bnr.1 slik det er søkt om.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga nedanfor.

---

## 013/16: Klage på dispensasjonsvedtak for oppføring av bustad - Gbnr 137/771 Alver

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alt. 1: Lindås kommune sitt vedtak datert 10.6.2015 og presisering av vedtak datert 11.11.2015 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd..

Alt. 2: Klagen vert delvis teke til fylgje. Vedtaket vert endra slik:

«Tomten ligg som siste tomt i eit allereie eksisterande bustadfelt, og tomten kan nyttast til bustadføremål. Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon frå Reguleringsplanen sin bestemmelse avsnitt A avsnitt 1, på følgjende vilkår:

Utnyttingsgraden er \_\_\_\_\_ %-BYA.

Utnyttingsgraden er \_\_\_\_\_ %-BRA.

Det kan kun byggast ei bueining på tomta. Bygget kan kun være i to høgder, inklusiv underetasje.»

Grunngjeving: \_\_\_\_\_

.....

## **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Karl Vågstøl-H var ugild i handsaming av denne saka grunna forretningsinteresser.

**Framlegg frå Ap, Sp, Krf:**

*Rådmannen sitt framlegg alternativ 2. med endring:*

Utnyttingsgraden er 15 %-BYA.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Ståle J. Hauge-Ap, Hogne Brunborg-Ap, Bent Risøy-Krf, Sæbjørg H. Kjeka-Krf, Malin Knudsen-Krf, Jørgen Herland-Sp).

**Framlegg frå Frp, H:**

*Rådmannen sitt framlegg alternativ 2. med endring:*

Utnyttingsgraden er 20 %-BYA.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Ingrid Fjeldsbø-H, Andreas Dyngen-Frp, Anita Høgquist-Frp).

### **PM - 013/16 VEDTAK:**

Klagen vert delvis teke til fylgje. Vedtaket vert endra slik:

«Tomten ligg som siste tomt i eit allereie eksisterande bustadfelt, og tomten kan nyttast til bustadføremål. Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon frå Reguleringsplanen sin bestemmelse avsnitt A avsnitt 1, på følgende vilkår:

Utnyttingsgraden er 15 %-BYA.

Det kan kun byggast ei bueining på tomta. Bygget kan kun være i to høgder, inklusiv underetasje.»

Grunngjeving: Viser til klagen.

---

**014/16: Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende etablering av veg - gbnr 133/86 Soltveit søndre**

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune sitt vedtak datert 02.12.2015 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

.....

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

#### **Framlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf:**

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PM - 014/16 VEDTAK:**

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

.....

**015/16: Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende oppføring av uthus - gbnr 238/26 Eknes  
Indre**

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune sitt vedtak datert 02.12.2015 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

.....

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Utvalet mottok epost frå Henriette Johanne Meyer idag om at saka vert utsett.

#### **Framlegg frå Karl Vågstøl-H:**

Plan- og miljøutvalet ber om at sak 015/16 vert utsett. Vidare at det blir synfaring på tiltaket.

Framlegget vart vedteke mot 3 røyster (Ståle Hauge-Ap, Hogne Brunborg-Ap, Jørgen Herland-Sp).

**PM - 015/16 VEDTAK:**

Plan- og miljøutvalet ber om at sak 015/16 vert utsett. Vidare at det blir synfaring på tiltaket.

---

**016/16: Klage på pålegg og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 134/166 og 183 Hilland**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune sitt vedtak datert 29.09.2015 vert oppretthalde, klagen vert ikkje teken til følge.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

**17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Epost frå Magnus Thomassen, advokatfirma Kyrre 15.02.2016 vart utdelt i møte.

**Framlegg frå K. Vågstøl-H:**

Plan- og miljøutvalet utset handsaming av sak 016/16. Plan- og miljøutvalet ber administrasjonen vurdere det juridiske synspunkt som kjem fram i brev frå advokatfirmaet Kyrre av 15.februar 2016 vedkomande det rettslege grunnlaget for tvangsmulkt.

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Karl Vågstøl-H, Ingrid Fjeldsbø-H).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (Ståle J. Hauge-Ap, Hogne Brunborg-Ap, Bent Risøy-Krf, Sæbjørg H. Kjeka-Krf, Malin Knudsen-Krf, Jørgen Herland-Sp, Anita Høgquist-Frp, Andreas Dyngen-Frp).

**PM - 016/16 VEDTAK:**

Lindås kommune sitt vedtak datert 29.09.2015 vert oppretthalde, klagen vert ikkje teken til følge.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

---

**017/16: Søknad om dispensasjon for oppføring av vedhus/carport gbnr 121/5 Knarvik (Lauvåssjøen)**

Med heimel i plan- og bygningslova § 1-8 og § 19-2, vert det ikkje gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø for oppføring av carport/vedhus på eigedom gbnr. 121/5.

**17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster (Ingrid Fjeldsbø-H, Karl Vågstøl-H).

**PM - 017/16 VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 1-8 og § 19-2, vert det ikkje gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø for oppføring av carport/vedhus på eigedom gbnr. 121/5.

-----

**018/16: 3.gangs handsaming av reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme - Fossevatnet, planID 1263\_201112**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

I medhald av plan – og bygningslova § 12-10, vedtek Plan-og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Fv. 404 strekninga Kvamme – til kryss med Fossevatnet ut på 3.gangs høyring og offentleg ettersyn.

.....

**17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PM - 018/16 VEDTAK:**

I medhald av plan – og bygningslova § 12-10, vedtek Plan-og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Fv. 404 strekninga Kvamme – til kryss med Fossevatnet ut på 3.gangs høyring og offentleg ettersyn.

-----



## **019/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Bruvoll bustadområde, gbnr 55/1 og 2 m.fl**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova §12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å avvise framlegg til reguleringsplan for Bruvoll bustadområde, gbnr. 55/1 og 2 m.fl. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga, og er i hovudsak tufta på utbyggingsvolum og –mønster, samt manglar ved planframlegget.

.....

### **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **PM - 019/16 VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova §12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å avvise framlegg til reguleringsplan for Bruvoll bustadområde, gbnr. 55/1 og 2 m.fl. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga, og er i hovudsak tufta på utbyggingsvolum og –mønster, samt manglar ved planframlegget.

---

## **020/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38, m.fl.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38 m.fl, ut på høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

Endring i føresegner:

1. § 1.1: Fjerne setning «Eigedommen kan endrast frå fritidsbustad til bustad utan krav om reguleringsendring».
2. § 1.1: Endre utnyttingsgrad til 10 % BRA av gbnr 63/11. Maksimal mønehøgde er 9 meter frå planert terreng.
3. Tillegg til § 1.3.1: Byggegrense for N2 går i føremålsgrensa. Nytt naust kan førast opp i same storleik som eksisterande naust.
4. Ny § 1.3.7: Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.

Ny § 2.4(2.4.1): Overvasshandtering: Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass. Avrenning må først forbi eller under naust i N1.

.....

## **17.02.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET**

### **Fellesframlegg:**

#### *Rådmannen sitt framlegg med endring av pkt. 3:*

1. § 1.1: Fjerne setning «Eigedommen kan endrast frå fritidsbustad til bustad utan krav om reguleringsendring».
2. § 1.1: Endre utnyttingsgrad til 10 % BRA av gbnr 63/11. Maksimal mønehøgde er 9 meter frå planert terreng.
3. *Tillegg til § 1.3.1: Byggegrense for N2 går i føremåls grensa. Nytt naust kan først opp etter same krav som naust i N1 og med tiløyrande kaifront som N1.*
4. Ny § 1.3.7: Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

### **PM - 020/16 VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38 m.fl, ut på høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

Endring i føresegner:

1. § 1.1: Fjerne setning «Eigedommen kan endrast frå fritidsbustad til bustad utan krav om reguleringsendring».
2. § 1.1: Endre utnyttingsgrad til 10 % BRA av gbnr 63/11. Maksimal mønehøgde er 9 meter frå planert terreng.
3. *Tillegg til § 1.3.1: Byggegrense for N2 går i føremåls grensa. Nytt naust kan først opp etter same krav som naust i N1 og med tiløyrande kaifront som N1.*
4. Ny § 1.3.7: Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.

Ny § 2.4(2.4.1): Overvasshandtering: Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass. Avrenning må først forbi eller under naust i N1.

.....